

Rettleiar til Partiportalen for

Sentrale partiorganisasjonar

og

Sentrale ungdomsorganisasjonar

Versjon 1.2

Oppdatert september 2017
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane


INNHALD

Innhald.....	1
Innlogging første gong.....	2
MinId	2
Registrere ny brukar og søkje om rolle	4
Søkje om fleire roller	4
Søkje om partistøtte.....	5
stadfeste/oppdatere partiinformasjon	6
om BRUKARPROFILEN (BRUKARINFORMASJON)	7
Avslutte rolle	7
Informasjon om partiorganisasjonen	8
Forklaring på statusfilter	9
Hjelp	9

INNLOGGING FØRSTE GONG

Innlogging i Partiportalen: <https://www.partiportalen.no>


Klikk på knappen «Logg på portalen» som ligg oppe til høgre på sida.



The screenshot shows the top part of the Partiportalen website. On the left is the logo for Partiportalen, which is a red shield with a yellow crown on top. To the right of the logo is the text "Partiportalen". Further right are links for "Lydversjon", "Høykontrast av", and "a A". Below these are two buttons: "Om oss" and "Abonnement". To the right of these buttons is a search bar with the text "Qsøk". Below the search bar is a large image of a stone lion sculpture in front of a building. To the right of the image is a vertical navigation menu with three buttons: "Logg på Partiportalen" (green), "Partiloven" (blue), and "Forskrift til partiloven" (blue).

MINID

Her kan du velje kva måte du vil logge inn på.



The screenshot shows the login options page on the Partiportalen website. At the top is a navigation bar with a back arrow, the text "TILBAKE", and language options: "AA", "Bokmål", "Nynorsk", "English", and "Sámegiella". Below the navigation bar is the logo for Fylkesmannen Sogn og Fjordane, which is a red shield with a yellow crown on top. Below the logo is a section titled "VELG ELEKTRONISK ID:" with a list of five options, each with a right-pointing arrow:

- MinID**: Med kode fra SMS eller PIN-kodebrev
- BankID**: Med koder fra banken din
- buypass**: Med smartkort og kortleser
- COMMFIDES**: Med USB-pinne
- BankID på Mobil**: Med sikker legitimasjon på mobil

Below the list is a link: "Slik skaffer du deg elektronisk ID". At the bottom of the page are links for "Kontakt skjema", "Tlf: 800 30 300", "Hjelp til innlogging", and "Sikkerhet og personvern". A red arrow points from the bottom right towards the "Hjelp til innlogging" link. At the very bottom of the page is the text "Driftet av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)".

Dersom du ikkje tidlegare har brukt denne tenesta kan du klikke på **Hjelp til innlogging**.

Her kan du bestille kodar for dei ulike tenestene.

Første gong du loggar inn på portalen må du akseptere og trykke OK (sjå under) på at du har lese brukarinstruks for Partiportalen. Hugs at du etter 30 inaktive minutt må logge inn på nytt.

Brukarinstruks for bruk av Partistøtteportalen

Føremål

Målet med Partiportalen er å tilby ei digital løysing som gjer det enklast mogleg for politiske partilag i Noreg å søkje om partistøtte. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) er oppdragsgjever for utvikling av Partiportalen. KMD er behandlingsansvarleg, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FMSF) er databehandlar.

Sensitiv informasjon

Brukarar av Partiportalen kan bli bedne om å oppgje data som er, eller kan vere, av sensitiv karakter. KMD og FMSF definerer opplysningar om kontoinnehavar og disponent av utbetalingskontoen som sensitive, då opplysning om kontoinnehavar og disponent kan tolkast som «politisk oppfatning». Opplysningar om politisk oppfatning er etter personopplysningsloven definert som sensitiv informasjon og vil bli handsama deretter.

Datatryggleik

Den enkelte brukaren er sjølv ansvarleg for å ivareta datatryggleiken på eigen arbeidsplass. Følgjande krav er likevel å rekne som eit minimum for å ivareta sikker bruk av Partiportalen:

- All bruk av portalen må skje i sikre omgjevnader. Maskina/skjermen bør stå avskjerma for innsyn frå uvedkomande
- Datamaskina må stå bak sikker brannmur
- Datamaskina må vere beskytta med oppdatert antivirusprogramvare
- Datamaskina må vere beskytta med brukarnamn og passord for innlogging
- Passord må ha generelt gode krav til kompleksitet, lengde og historikk
- Brukaren må sørge for at all midlertidig lagra informasjon av sensitiv karakter blir sletta etter bruk

Det er forbode å bruke eller å forsøke å bruke portalen til andre føremål enn han er meint for. Slik bruk kan/vil verte avdekket ved logging og vil bli rapportert.

Samtykkje

Ved å logge inn på løysinga aksepterer brukaren gjeldande brukarinstruks og personvernerklæring. Brukaren pliktar å bruke portalen i samsvar med gjeldande brukarrettleiar. Oppdatert brukarinstruks, personvernerklæring og brukarrettleiar vil alltid vere tilgjengeleg for nedlasting på Partiportalen. Dersom brukaren ikkje samtykkjer, er det ikkje mogleg å nytte Partiportalen til å søkje om partistøtte.

Kontaktinformasjon

Dersom du treng brukarstøtte eller har faglege spørsmål om bruk av Partiportalen, kan du sende ein e-post til fmsfpolitiskeparti@fylkesmannen.no. Du får ei automatisk kvittering for at e-posten er motteken. Vi svarer så raskt vi kan, og normalt vil du få svar på e-posten innan ein arbeidsdag.

REGISTRERE NY BRUKAR OG SØKJE OM ROLLE

For å få tilgang til Partiportalen må du registrere deg som brukar. Namn er automatisk utfylt. Legg inn telefonnummer og e-postadresse.

Vel rolle:

- Sentral partiorganisasjon eller
- Sentral ungdomsorganisasjon

Trykk **Send søknad om rolle og logg deretter ut**

Registrering av ny rolle

Dine aktive roller:

Roller til godkjenning:

Fyll ut skjemaet og send inn. Du blir varsla på e-post når rolla er godkjent

Søk om ny rolle:

Sentral partiorganisasj ▼

Finndu ikkje partiet i portalen?

Nytt partilag >

Send søknad om rolle

Brukerinformasjon:

Namn (frå Folkeregisteret): SANDNES ARNE

Telefon:

E-postadresse:

Oppdater

© 2015 - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Merk: På denne sida vil du seinare kunne endre telefonnummer og e-postadresse og deretter trykke på **Oppdater**.

Det er Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) som godkjenner roller for sentrale partiorganisasjonar og ungdomsorganisasjonar.

Du vil motta e-post med melding om godkjent rolle.

SØKJE OM FLEIRE ROLLER

Av og til er det skifte av dei personane som har rolle/ansvar for eit parti, t.d. ved val. Partiet må passe på at ny person søker om rolle for partiet og samtidig melde frå til KMD (e-post) at førre person si rolle vert avslutta.

For å søkje om ny rolle gjentar ein operasjon som er synt ovanfor

SØKJE OM PARTISTØTTE

For at ditt parti skal få utbetalt statstilskot må følgjande kriterium vere oppfylt:

- Partiet må ha rapportert om økonomi til Statistisk sentralbyrå (SSB) innan fastsett frist. Bruk nettstaden <https://www.partiportalen.no> for å finne informasjon om dette temaet.
- Eit parti må søkje om statstilskot ein gong i løpet av valperioden. Deretter må partiet stadfeste partiopplysningane kvart år for å få årleg utbetaling (Partilova § 11 pkt. 5)
- Partiet må ha delteke i siste kommuneval og fått minst éi stemme



Når du skal søkje om partistøtte:

Logg inn på portalen.

«Vel Finn parti».

Klikk på **Søk partistøtte**


Partiinformasjon kjem opp automatisk.


Trykk **Neste**

Legg inn

- Partiinformasjon – Trykk **Neste**
- Partileiarinformasjon – Trykk **Neste**
- Kontaktinformasjon – Trykk **Neste**
- Kontoinformasjon – Trykk **Neste**

Når du har kontrollert alle opplysningar – Trykk **Send inn**

 **Det er ikkje søkt om partistøtte**
Partiet må søkje om støtte ein gong i løpet av valperioden.
Partiet må oppdatere eller stadfeste partiopplysningane minst ein gong i året.

 **SSB har mottatt økonomisk rapportering i 2014**
Gjeld rekneskapsåret 2013

Finn parti

Sentral partiorganisasjon

Registrert partiinformasjon:

Parti: ARBEIDERPARTIET

SSB parti-ID:

Org.nr.:

Partileiar

Kontaktperson

Kontoinformasjon

Sist endra av

Opplysningar frå Enhetsregisteret

Partinamn: ARBEIDERPARTIET

Styreleiar:

Dagleg leiar: UKJENT

Postadresse: *)

STADFESTE/OPPDATERE PARTIINFORMASJON

Klikk på **Søk partistøtte**

Partiinformasjon kjem opp automatisk.

Trykk **Neste**

Legg inn

- Partiinformasjon – Trykk **Neste**
- Partileiarinformasjon – Trykk **Neste**
- Kontaktinformasjon – Trykk **Neste**
- Kontoinformasjon – Trykk **Neste**

Når du har kontrollert alle opplysningar – Trykk **Send inn**

OM BRUKARPROFILEN (BRUKARINFORMASJON)

Du kan endre kontaktinformasjonen (telefonnummer og e-postadresse). Det gjer du på same sida som for søknad om ny rolle (klikk namnet ditt øvst i portalen, sjå førre bilete).

Klikk på namnet øvst i bildet




Skriv inn f.esk. nytt telefonnr og evt. ny e-post adresse og trykk **Oppdater**

AVSLUTTE ROLLE

Det sentrale partiledet kan følgje med på kven som har tilgang (og rolle) for sine fylkesparti.

Trykk på Administrasjon og vel Brukaradministrasjon



I neste bilde får ein opp liste over alle personar som har rolle i fylkesparti. Ein avsluttar ei rolle ved å trykke på **Avslutt**.

Tilgangsoversikt							
Navn	Status	Rolle	Fylke	Kommune	Parti	Godkjent dato	Godkjente
	✓	Sentral partiorganisasjon				18.12.2014	Avslutt
	✓	Fylkesorganisasjon	Oppland			25.03.2014	Avslutt

På same måte kan ein sentral ungdomsorganisasjon følgje med på sine partiledde og kven som har tilgang (og rolle) for sine fylkesungdomsorganisasjonar. Den sentrale ungdomsorganisasjonen kan også søkje og bekrefte for sine fylkesungdomsorganisasjonar.

INFORMASJON OM PARTIORGANISASJONEN

Under fana «**Saksbehandling**» finn du historikk for partiorganisasjonen.

Vel t.d.: Kommuneparti Fylkesparti – Alle - og trykk Søk parti.

Trykk på for eksempel Oppdat (Oppdatering) for å sortere partia etter om dei har søkt/bekrefta informasjon i år. Her kan det sentrale partiet sjå alle sine partiledde og følgje med på om partiledde har søkt eller bekrefta konto- og adresseinformasjon i inneverande år.

Status
Saksbehandling
Administrasjon ▾
Om Partiportalen ▾

Pålogga: SANDNES ARNE Rolle: Sentral partiorganisasjon

Finn parti:

Kommuneparti ▾

"Alle" ▾

Kommune ▾

2015 ▾

Partikode ▾

Statusfilter

Fylkesmannen

Godkjent

Avslag

Nedlagt

Ubehandlet

SSB

Rapportert

Ikke rapportert

Nyopprettet

Mangler signatur

Rapport etter frist

Partilovnemnda

Ingen merknad

Henlagt

Vedtak om formell advarsel

Tilbakehold pga:

Delvis

Mangelfull rapportering

Varselbrev pga:

Mangelfull rapportering

Manglende signatur

Rapportert etter frist

Søk parti Tøm kriterium

Partinamn/ssbid:

Eksporert til Excel: [Utbetalingsinfo](#) [Partidetaljar](#)

Klikk på overskrifta for å sortere

<input type="checkbox"/>	Parti-ID	Oppdat.	Partinamn	Status FM	Status SSB	Status PLN	Søknadsdato	Tal/antall stemmer	Mandat	Andel	Grunnstøtte	Stemmestøtte	Totalt
<input type="checkbox"/>	0040101	✓		Godkjent	Rapportert	Ingen merknad	09.02.2012	4479	16	31,7 %	1 351,00		
<input type="checkbox"/>	0040104	✓		Godkjent	Rapportert	Ingen	17.01.2012	5191	14	34,9 %	1 351,00		

NB- Det sentrale partiledde kan sjå heile sin organisasjon og dei kan også oppdatere/bekrefta for sine fylkesparti.

NB - Ein sentral ungdomsorganisasjon kan sjå heile sin organisasjon og kan søkje /bekrefte for sine ungdomsorganisasjonar i fylka.

FORKLARING PÅ STATUSFILTER

Fylkesmannen (FM)

Godkjent	Søknaden er godkjent
Avslag	Søknaden er avslegen
Nedlagt	Partilaget er nedlagt
Ubehandla	Søknaden er ikkje behandla

SSB (Statistisk Sentralbyrå)

Rapportert	Partilaget har sendt inn rapport innan fristen
Ikkje rapportert	Partilaget har ikkje sendt inn rapport
Nyoppretta	Partilaget er nyoppretta
Manglar signatur	Rapportering/erklæring manglar signatur
Rapport etter frist	Partilaget har rapport/sendt erklæring etter fristen

Partilovnemnda (PLN)

Ingen merknad	Partilaget har sendt inn rapportering/erklæring innan fristen
Henlagt	Saka er henlagt, dvs partiet får utbetalt partistøtte.
Vedtak om formell advarsel	Partilaget har fått advarsel pga manglande signatur ved rapportering til SSB.

Tilbakehald

Delvis	Partilaget får delvis tilbakehald i utbetalt støtte for kommande år
Mangelfull rapportering	Partilaget har ikkje sendt inn rapportering/erklæring og får ikkje utbetalt støtte for kommande år.
Varselbrev pga manglande rapportering	Partilaget har ikkje rapportert til SSB innan fristen
Varselbrev pga.	
Varselbrev pga manglande signatur	Rapport/erklæring manglar signatur
Manglande signatur	Det er krav om to signaturar – dette er ikkje oppfylt
Rapportert etter frist	Partilaget har rapportert etter frist.

HJELP

Tekniske spørsmål kan du sende til: fmsfpolitiskeparti@fylkesmannen.no